

Innflyttarane tysdag, dei eldre torsdag

04.10.2012



Uskedelingar på eldredagen: Åshild og Knut Sjøwall

Tysdag synte Kvinnherad kommune omsorg for innflyttarane ved eit stort arrangement i Rosendal. I dag synte kommunen omsorg for dei eldre ved eit stort arrangement på Husnes. I ei tid då det haglar med kommunal kritikk er det også grunn til å understreka dette. Eldredagen er rett nok ei internasjonal markering, men dei siste 5 åra har kultursjef Kristian Bringedal vore krumtapp i ein vellukka lokal versjon. Det var den også i dag sjølv om lyden svikta i hovudinnslaget med Johannes G. Eide om skipsbyggjing før og no. Bringedal leia det heile i kjent stil og at det møtte så mange som 210 understreka at dagen har eit positivt omdømme.



Uskedelingar på eldredagen: Einar og Else Pihle

Oppslutnaden frå til dømes Uskedalen kunne og burde imidlertid ha vore større, ettersom det møtte berre 11 som har vår bygd som adresse.

Deltakinga kosta berre ein hundrelapp i eigenbetaling pr.person og gapet vert dekt over budsjettet til Frivilligsentralen.

For pengane fekk dei eldre fyldig orientering ved ordførar Synnøve Solbakken om kommunalt tilbod, kåseri ved Eide, visesong på godt nivå, allsong leia av Bringedal og servering av trerettars middag ved elevar frå vidaregåande. Og dei eldre fekk framfor alt eit triveleg sosial samvær som set ein spiss på kvardagen. Fleire gav uttrykk for at dei prioriterar denne dagen framfor mangt anna.



Uskedeling som hadde ideen og er krumtapp i arrangementet: Kristian Bringedal

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Uskedelinger på eldredagen: Kari Hermansen, Johanna Yri, og Arnhild Myklebust. Ordføraren sit lengst til høgre



Uskedelingar på eldredagen: Birger Myklebust, Leon Gundersen, Jan Henrik Hansen og Liv Hansen